





KI-notat nr: 52/2011 Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Marine Harvest AS, avd. Haukå /Vassuttak og regulering i Haukåvassdraget	
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Flora	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Katarina Eftevand	Sign.: 
Dato:	20 DES 2011	
Vår ref.:	NVE 200703082-11	
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Marine Harvest AS – Søknad om løyve til auka vassuttak frå Haukåelva til produksjon av settefisk og regulering av Haukåvatnet

Innhold

Samandrag	1
Søknaden	2
Generell omtale av vassdraget og vassdragsanlegget i søknaden:	3
Høyering og distriktshandsaming	3
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVEs) sine merknader	9
Vassbudsjett	10
NVE si vurdering	12
Oppsummering	14
NVE sin konklusjon	15

Samandrag

NVE har med brev frå Fiskeridirektoratet Region Vest, mottatt søknad datert 02.02.2007 frå Marine Harvest AS. Søknaden gjeld løyve til å utvide produksjonen i settefiskanlegget på Haukå frå 1 mill. til 2,5 mill. sjødyktig settefisk i året. Samstundes søker Marine Harvest AS om løyve etter vassressurslova § 8 til vassuttak på inntil 40 m³/min frå Haukåa og til å vidareføre etablert regulering av Haukåvatnet.

Flora kommune

Flora kommune er positiv til at Marine Harvest AS får utvida konsesjonen sin ved anlegget i Haukå. Kommunen peikar på at det må sleppast minstevassføring som er stor nok til å sikre dei biologiske kvalitetane i elva, herunder sjøauren. Storleiken på konsesjonen bør såleis reflektere i kva grad søkar kan dokumentere effektiv bruk av resterande tilgjengeleg vatn. Ein bør også vurdere å sette vilkår om å opne heile elvestrekninga for anadrom fisk.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen meiner utvidinga av setjefiskproduksjonen er i strid med allmenne interesser, og rår i frå ei utviding frå 1 mill. til 2,5 mill. setjefisk. Fylkesmannen konkluderer med at ei vidare drift av anlegget må ha løyve etter vassressurslova og at det må setjast klåre vilkår til drift av anlegget, krav til minstevassføring i Haukåa og krav til reguleringshøgde ved regulering av Haukåvatnet. Fylkesmannen meiner og at vandringshinder ved dam i Haukåvatnet og vassinntak i Haukåa må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere.

NVE legg til grunn at utviding av anlegget vil bli basert på utbygging av eit anlegg med turvande tiltak for å spare vatn i periodar med lite tilsig til vassdraget. Planlagt maksimalt vassuttak frå vassdraget blir auka. Ved lågvassføring vil det for eit reint gjennomstrøymingsanlegg i periodar kunne bli kritisk lite vatn i Haukåelva, og planlagde tiltak for å spare vatn vil vere avgjerande for å kunne drifte anlegget slik det er søkt om. NVE meiner at med vilkår om minstevassføring gjennom heile året, tiltak for å lette oppgang for anadrom fisk og at anlegget nyttar vassparande tiltak, vil verknaden for allmenne interesser ved utvidinga ikkje vere til nemnande ulempe. Samstundes vil eit løyve til auka vassuttak og fortsatt regulering av Haukåvatnet gje grunnlag for utvida produksjon i settefiskanlegget og dermed bidra til auka verdiskaping og trygging av arbeidsplassar.

Med naudsynte avbøtande tiltak som skildra ovanfor, meiner NVE at fordelane med auka vassuttak og vidareføring av etablert regulering av Haukåvatnet med 1 meter er større enn skade og ulempe for allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

NVE gjev Marine Harvest AS løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Haukåvassdraget til produksjon av settefisk. Vi gjev også løyve til å vidareføre etablert regulering av Haukåvatnet med 1 m. Maksimalt vassuttak er 40 m³/min. Det skal sleppast ei minstevassføring på høvesvis 50 og 100 l/s i vinter- og sommarperioden til elva Haukåa. Vassuttaket skal sikre grunnlaget for utviding og vidare drift av settefiskanlegget på lokalitet i Haukå (SF-F-8) i Flora kommune. Det blir ikkje gjeve løyve til å halde vassdraget stengt for oppgang av anadrom fisk. Løyvet vart gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

NVE legg til grunn at både den gamle dammen og reguleringa i Haukåvatnet er basert på eit lovleg etablert vassdragsanlegg. Ev. tiltak for at anadrom fisk skal kunne komme opp forbi dammen vil fylgjast opp av NVE med grunnlag i vilkår som blir fastsett i konsesjonen for vassuttak og regulering av vatnet.

Grunnlaget for søknaden går fram av brev datert 02.02.2007 til Flora kommune med kopi til NVE der Fiskeridirektoratet ga følgjande omtale av søknaden:

Søknaden

Det blir søkt til NVE om konsesjon for:

”

1. *Regulere Haukåvatnet (NVE nr. 1767) mellom HRV = 58 moh og LRV = 57 moh.*
2. *Uttak av inntil 20 m³/min året gjennom, med inntil 40 m³/min i perioden juli-september.*
3. *Minstevannføring i Haukåa på 50 l/s fra 1. oktober til 1. mai og 100 l/s fra 1. mai til 1. oktober”*

Generell omtale av vassdraget og vassdragsanlegget i søknaden

"Haukåavassdraget ligger på nordsiden av Norddalsfjorden og drenerer sørover til det øst-vestliggende Haukåvatnet, som har utløp rett mot vest. Nedbørfeltet er naturlig 21,67 km² stort ved utløpet til sjøen, høyeste punkt i feltet er Haukåbøra i nordøst med 1065 moh. og vassdragets største lengde er 7,4 km. Vassdraget består av tre hovedfelt som renner parallelt mot sør og Haukåvatnet, der hvert av delfeltet har en eller flere innsjøer. Nedbørfeltene til Svartevatnet (1,49 km²) er overført til Børevatnet. Børevatnet med et naturlig nedbørfelt på 3,95 km² er igjen overført til Indrehuselva (Svelgen III utbyggingen). Nedbørfeltet nedenfor Haukåvatnet er på totalt 2,79 km². Dagens nedbørfelt til Haukåvatnet er på totalt 13,4 km².

Marine Harvest AS sitt settefiskanlegg Haukå, med konsesjonsnummer SFF 008 og lokalitetsnummer 13486, ligger ved sjøen ved utløpet av elven Haukåa og henter sitt vann fra Haukåvatnet og et bekkeinntak på kote 30 nede i Haukåa, slik at en også henter inn vann fra sideelven som kommer inn fra nord like nedstrøms utløpet av innsjøen. Haukåvatnet ligger 58 moh og har et overflateareal på 0,67 km² (www.nve.no).

Innsjøen er i dag regulert med inntaksdam til settefiskanlegget, og det søkes om konsesjon til å regulere innsjøen mellom nåverende kote 58 (HRV) og kote 57 (LRV). I dette vassdraget, som er preget av store vannføringsendringer, antas dette å ligge nokså nær de naturlige vannstandsvariasjonene.

Fra Haukåvatnet renner Haukåa relativt slakt nedover, med rolige strykstrekninger og flate partier og relativt store holer innimellom. Substratet er relativt grovt, men partier med stein og grus finnes innimellom. 425 meter fra sjøen er det en dam som er absolutt vandringshinder for oppvandrende fisk. Ned mot flomålet er elven bratt, og det er vanskelig å passere for oppvandrende fisk på lav vannføring."

Høyring og distriktshandsaming

Søknaden har vore kunngjort etter retningslinjene og har lege ute til offentlig innsyn i Flora kommune. NVE har motteke følgjande uttalar til søknaden:

Flora kommune i brev av 23.06.2008:

"Søknaden har vore lagt ut til offentlig ettersyn i fire veker to gonger. I begge tilfelle kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn i samsvar med laksetildelingsforskrifta § 8 og vassressurslova § 24 då tiltaket er søknadspliktig etter vassressurslova § 8. Bakgrunnen for dobbel kunngjering var at miljøundersøking og konsekvensvurdering var ukjent for kommunen og mangla ved oversendinga av søknaden frå Fiskeridirektoratet.

Det er kome inn ein merknad til søknaden. Merknaden er frå grunneigar Jens Petter Strømsnes v/Gudmund Strømsnes. Strømsnes klagar på utvidinga og syner til at dei ikkje er kontakta av søkar. Anlegget har leigeavtale med grunneigar på vatn og grunn frå 1986 og 1992 bygd på utsleppsløyve frå 1990 på 50 tonn før. Det har og vore ein munnleg avtale om bruk av meir vatn når grunneigar ikkje nyttar vatnet sjølv. Det er med undring Strømsnes ser at ein ynskjer å auke produksjonen frå 50 tonn til ca. 250 tonn utan at ein skal auke vassforbruket. Marine Harvest betalar ikkje rett leige for vatnet og svarar ikkje på rek. brev. Strømsnes har teke saka inn for jordskifteretten og ber om at saka ikkje vert handsama av myndighetene før dei privatrettslege tilhøva på bruk av vatn er avklara. Strømsnes gjer vidare greie for rettstvist og usemje om lovleg/ulovleg produksjon i henhold til gjeldande

utsleppsløyve. Strømsnes ber om at saka om utsleppsløyve ikkje vert handsama så lenge Marin Harvest Haukå bryt sitt utsleppsløyve med å produsere ca. 5 gonger løyvet på utslepp tilseier.

Vurdering

I kommuneplanens arealdel vurderte Flora kommune potensialet for å produsere settefisk i kommunen, og kommune vedtok ein politikk for korleis næringa bør utvikle seg i Flora kommune. Ein fastslo at kommunen har eit stor potensiale, særleg med tanke på at ein såg føre seg ei utvikling i reinse og resirkuleringsteknologi slik at vatn og resipient kan nyttast betre. I kommuneplanens arealdel (tekstdelen) er mellom anna dette sagt om settefiskproduksjon av laksefisk:

"Flora kommune vil at eksisterande vassdragsinngrep, investeringar og areal skal nyttast optimalt og ynskjer å legge følgjande politikk til grunn for utnyttinga av vassdraga og produksjon av settefisk i kommunen:

- Flora kommune ynskjer ein vekst i settefiskproduksjonen i kommunen tilpassa veksten i matfiskproduksjonen.*
- Ein auka settefiskproduksjon i Flora kommune skal komme uten å ta nye vassdrag i bruk.*
- Ein auka settefiskproduksjon i Flora kommune skal skje med skånsame vassdragsinngrep og ved å utnytte vatnet betre etter kvart som reinse- og resirkuleringsteknologi tillet det.*
- Då kommuneplanen peikar ut fem lokaliseringar for settefiskproduksjon må ein samstundes sikre desse verksemdene utviklingsrom.*
- Utviding av dei fysiske grensene for industriareal for desse verksemdene vert definert i reguleringsplanar. Industriareal til desse er difor punktmarkert i plankartet. Flora kommune vil i sakshandsaminga leggja vekt på å sikre settefiskanlegga rom for utviding. Marine Harvest AS sitt anlegg i Haukå er ein av dei fem lokaliseringane for settefiskanlegg i kommunen.*

Ut frå ovanståande er Flora kommune generelt positiv til auka produksjon på dei eksisterande settefiskanlegga. Føresetnaden er at det vert lagt vekt på god utnytting av vatnet i produksjonen slik at ein unngår uakseptable vassdragsinngrep, og at utsleppet ikkje medfører uakseptable tilhøve i resipienten.

Ut frå Fylkesmannen si vurdering, jf. brev av 26.02.2007, overstig vassbehovet i periodar tilførsla slik at det ikkje vert att restvassføring. Tørrlegging av elva nedstraums inntaket, dvs ikkje krav om restvassføring, er ikkje ut frå vår vurdering foreinleg med kommuneplanens omgrep "skånsame vassdragsinngrep". Flora kommune ber difor om at det vert sett krav om minstevassføring som kan sikre dei biologiske kvalitetane, herunder ein bestand av sjøaure, i elva nedstraums inntaket, og at storleiken på konsesjonen vert tilpassa dette. Det bør også vere aktuelt å reversere eventuelt tidlegare gjennomførte inngrep som hindrar oppgang av sjøaure, og ein bør vurdere tiltak i elva som fremjar jamnare vassstand.

Vi merkar oss at det i konsekvensvurderinga utført av Rådgivande Biologer går fram at den anadrome strekningen er redusert til omlag 1/3 del av opprinneleg på grunn av eit etablert absolutt vandringshinder ca. 400 m frå sjøen, og at dette gir elva forholdsvis lavare

verdivurdering som sjøaureelv. Flora kommune har tidlegare stillt spørsmål om tiltak i elva har vore omsøkt og er lovlege. Det kan synast uheldig om konsekvensar av tiltak no vert vurdert som mindre negative dersom tidlegare ulovlege tiltak har redusert verdien. Ein går då ut frå at vandringshinderet kan fjernast slik at heile elvestrekningen kan takast i bruk av sjøauren. Verdien restvassføring har for elva bør difor vurderast som om heile strekninga er anadrom. Restvassføring har og betydning for resipientkapasiteten i, og landskapsopplevinga av elva.

Når det gjeld regulering av Haukåvatnet kan det nemnast at kommunen tidlegare har motteke munnleg henvendelse frå eigar av naust ved nordbreidda av vatnet (rett aust for inntaket) som har peika på at dagens neddemming har ført til at naustet står under vatn.

Flora kommune har ingen merknader til dei privatrettslege tilhøva som Strømsnes tek opp i sin merknad.

Oppsummering og konklusjon

Flora kommune er positiv til at Marine Harvest AS får utvida konsesjonen sin ved anlegget i Haukå. Ein bør ta utgangspunkt i at det skal sleppast minstevassføring som er stor nok til å sikre dei biologiske kvalitetane i elva, herunder sjøauren. Storleiken på konsesjonen bør såleis reflektere i kva grad søkar kan dokumentere effektiv bruk av resterande tilgjengeleg vatn. Ein bør også vurdere å sette vilkår om å opne heile elvestrekninga for anadrom fisk.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i brev av 22.01.2010:

”Fylkesmannen er kritisk til dei inngrepa som allereie er gjort i samband med vassuttak og drift av setjefiskanlegget. Fylkesmannen meiner at det hydrologiske grunnlaget og kva konsekvensar vassuttaket vil få ikkje er godt nok utgreidd. Hydrologisk grunnlag som viser marginal tilgang til vatn, og tidlegare drift med tørrlegging av elva, tilseier at det ikkje bør gjevast løyve til å utvide produksjonen av setjefisk. Setjefiskanlegget må ut frå dette planleggje drifta med fleire vassparande tiltak. Samtidig må det sikrast ei minstevassføring for å ta vare på biologisk mangfald.

Fylkesmannen meiner utvidinga av setjefiskproduksjonen er i strid med allmenne interesser, og rår i frå ei utviding frå 1 million til 2,5 million setjefisk ved Marine Harvest, avd. Haukå. Ei vidare drift av anlegget må ha løyve etter vassressurslova og det må setjast klåre vilkår til drift av anlegget, krav til minstevassføring i Haukåa og ei ev. regulering av Haukåvatnet. Vandringshinder ved dam i Haukåvatnet og vassinntak i Haukåa må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Ut i frå NVE-Atlas er dagens nedbørfelt til Haukåvatnet, med fråtrekk for nedslagsfelt til Børevatn og Svartevatn, 13,44 km² med ei gjennomsnittleg vassføring på 1,44 m³/s. Inntaket i Haukåa kan i tillegg ta inn ca. 1,4 km² av restfeltet nedstraums Haukåvatnet med gjennomsnittleg vassføring 0,13 m³/s. Tilgjengeleg vassmengde vert etter dette 1,57 m³/s, mot 1,87 m³/s nytta i søknadsmaterialet, som utgangspunkt for hydrologisk betraktning kring tilgjengeleg vassmengd. Stabil og sikker tilførsel av ferskvatn er naudsynt for eit setjefiskanlegg.

Fylkesmannen meiner at det hydrologiske grunnlaget og kva konsekvensar vassuttaket vil få ikkje er godt nok utgreidd. Haukåvassdraget ligg kystnært og har mykje snau fjell og grunt jordsmonn i nedslagsfeltet. Dette tilseier at det kan førekomme periodar med store

variasjonar i nedbør og avrenning til vassdraget. Vassdraget er i lange periodar i stand til å forsyne setjefiskanlegget med vatn til produksjonen det er søkt om, utan at det får nemnande konsekvensar for fiske og anna biologisk mangfald i elva. Konsekvensane kan derimot verte omfattande både for setjefiskanlegget og liv i elva om produksjonen i anlegget krev mykje vatn i periodar med låg vassføring. Vassbehovet til setjefiskanlegget er stort og det er sannsynleg at anlegget vil ta i bruk alt tilgjengeleg vatn, og at vasstilgangen kjem under teoretisk behov for anlegget både på vinteren og på ettersommaren. Setjefiskanlegget må ut frå dette planlegge drifta med fleire vasssparande tiltak, samtidig må det sikrast ei restvassføring for å ta vare på biologisk mangfald. Konsekvensvurderinga er uklår når det gjeld minstevassføring. På side seks står det at det skal søkjast om minstevassføring i Haukåa på 50 l/s frå 1. oktober til 1. mai og 100 l/s frå 1. mai til 1. oktober. I samandraget (side sju) og under verknader og konsekvensar av tiltaket (side 22) står det at periodar med fjerning av alt vatn frå elva vil få ein betydeleg verknad på ferskvassmiljøet. Uansett storleik på vassuttak til setjefiskproduksjon må minstevassføringa til elva sikrast først. Slepp av minstevassføring vil redusere skaden på det biologiske mangfaldet ved ei utbygging, både når det gjeld fisk, fugl, insekt og planteliv. I søknaden vert det opplyst at elva er bratt ned mot flomålet og at det er vanskeleg å passere for oppvandrande fisk på låg vassføring. Vi meiner at det må sleppast ei restvassføring heile året, og at det bør sleppast ei differensiert vassføring med større restvassføring om sommar/haust for å sikre at fisk kan vandre i vassdraget, ev. kombinert med lokkeflaumar. Det er vanskeleg å angi kor stor vassføring som må sleppast for å ta vare på biologisk mangfald knytt til elva, og sikre fiskens vandring. Søknaden gir ikkje grunnlag for å fastsetje ei slik vassføring.

Fossefall er truleg knytt til vassdraget og er avhengig av botndyr/vasslevande insekt. For å oppretthalde stryk- og fosseparti som moglege reirlokaltetar, og produksjonen av vasslevande insekt, må det vere ei stabil vassføring i elva heile året. Opphenging av spesialrugekasse under bru-kar og i tilknytning til inntaksterskel kan vere avbøtande tiltak for å ta vare på fossefallet.

Haukåvatnet naturreservat vart oppretta ved Kgl.res. 19.6.2009 som del av edellauvskogplanen i Sogn og Fjordane, sjå artikkel på heimesida vår: <http://www.fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=499&amid=2707028>. Naturreservatet ligg på nordsida av vatnet og grensar til Haukåvatnet. Ved bruk av Haukåvatnet som vasskjelde for fiskeoppdrett bør det sikrast at vasstandsendingane vert haldne innanfor eit rimeleg nivå så ein ikkje får synlege nedtappingssoner i tørre periodar. I saksførelegget for Kgl.res. skreiv Miljøverndepartementet om oppdrettsspørsmålet at "... vernet ikke omfatter selve vannet, og at akseptabel vannstandsveksling bør løses gjennom konsesjonsbehandlingen av et eventuelt oppdrettsanlegg".

Fisk og fiskeinteresser

Haukåa er registrert som sjøaureelv i lakseregisteret og er plassert i kategori 4 a, betydelig redusert ungfiskproduksjon. Setjefiskanlegget sitt vassinntak i Haukåa ligg 425 meter frå sjøen og utgjer absolutt vandringshinder for laks og sjøaure. Tidligare kunne laks og sjøaure vandre heilt opp i Haukåvatnet (Møkkelgjerd & Gunnerød 1975). I Haukåvatnet er det ein god bestand av aure (Bjørklund mfl. 1997). Viktigaste gytebekk for denne bestanden er truleg innløpsbekken i nord."

Jens Petter Strømsnes i brev av 07.09.2007:

"Viser til samtale med Sægrov i dag, ang. deres behandling av vann til settefiskanlegget til Harin Harvest AS. Sægrov var av den formening at eg muligens hadde mottatt skriftlig høringsutkast fra dere, dette har eg ikkje mottatt.

Eg har brakt saken inn for Sundfjord og Ytre Sogn jordskifte, saken har fått saks nr. 1400-2007-0018. Dette for å få vurdert rettene som er til uttak av vatn, og vederlag for vatnet. Eg vil med dette orientere NVE om saken, Videre vil eg oppmode (dersom eg har rett til det) dere til ikkje å behandle saken før saka har vært i jordskifteretten."

Søkjar sine kommentarar til høyringsfråsegner

I brev datert 04.05.2011 kommenterer Marine Harvest AS innkomne fråsegner slik:

"NVE-konsesjon Haukå settefiskanlegg

Fylkesmannen etterlyser der klare vilkår til minstevannføring i Haukåa, regulering av Haukåvatnet og sikring av fiskens frie gang.

Oppvandringshinder

Søker ønsker å samle anleggets vanninntak til Haukåvatnet, der en har søkt om å opprettholde eksisterende dam slik at innsjøen kan reguleres med 1 meter mellom HRV=58 moh (nåverende) og LRV=57 moh. Dette antas å ligge nær den naturlige vannstandsvariasjon i innsjøen. Dette vil medføre at dagens vandringshinder for oppvandrende laksefisk, 425 meter oppe i Haukåa fjernes, slik at det blir mulig for fisk å vandre opp hele den 1200 meter lange Haukåa. En vil da kunne øke tilgjengelig areal for oppvekst av lakse- og sjøauresmolt til nær tre ganger dagens areal, til omtrent 7.000 m².

Med en middelvannføring på under 2 m³/s, vil vassdraget ha en potensiell presmoltproduksjon på over 20 fisk/100 m² (Sægrov mfl. 2001). Det betyr at Haukåa har et potensiale for å produsere 1400 smolt av laks og sjøaure til sammen. I henhold til lakseregisteret, som er utarbeidet av Direktoratet for naturforvaltning, har Haukåa ikke en selvreproduserende laksebestand, og en redusert produksjon av ungfisk av aure.

Undersøkelsen i 2008 (Hellen mfl. 2008) og tilsvarende undersøkelse utført av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2002 (Gladsø & Hylland, 2003), indikerer en presmolttetthet på i underkant av 10 per 100 m². Dersom dette er tilfelle også for resten av Haukåa, vil den kunne produsere omtrent 700 smolt hvert år. Vassdraget har tidligere vært preget av moderat forsuring (Bjørklund mfl 1997), slik at smoltproduksjonen i utgangspunktet domineres av sjøaure og ikke laks.

I forhold til Møkkelgjerd & Gunnerød (1975) var det i tidligere tider registrert både laks og sjøaure i Haukåvatnet. Det innebærer i så fall at produksjonsarealet for anadrom fisk har vært langt større før, men allerede i 1974 var den eksisterende dammen i utløpet av Haukåvatnet regnet som vandringshinder for laks og sjøaure. Det var trolig en relativt stor produksjon av auresmolt i Haukåvatnet med tilløpsbekker

Haukåa har potensiale for tredobling av produktivt areal for sjøaure dersom dagens vandringshinder fjernes. Åpnes det for oppvandring til Haukåvatnet, kan sjøaureproduksjonen kanskje tidobles.

Minstevannføring

Det er søkt om uttak av inntil 20 m³/min som gjennomsnitt gjennom året, med månedsmaksimum på inntil 40 m³/min i perioden juli-september. Med en naturlig gjennomsnittlig vannføring til Haukåvatnet (med fratrekk av alt vann fra de regulerte feltene til Svartavatnet og Børevatnet) på 1,44 m³/s, betyr det at anlegget i gjennomsnitt tar ut 1/8 av snittvannføringen (23 %), slik at det i gjennomsnitt renner 77 % av naturlig vannføring ut av Haukåvatnet til Haukåa. Slipp av minstevannføring vil derfor begrenses til de perioder da det er liten generell avrenning, slik at uttak er større enn tilrenning eller da magasinet fylles opp.

Det er søkt om slipp av minstevannføring til Haukåa, fra dammen i Haukåvatnet, tilsvarende 50 l/s fra 1. oktober til 1. mai og 100 l/s fra 1. mai til 1. oktober. Ved å flytte dagens nederste vanninntaket opp i Haukåvatnet, vil det uregulerte restfeltet nedstrøms innsjøen renne som før med sine anslagsvis 0,16 m³/s i gjennomsnitt. Det aller meste av dette renner til høyt oppe i Haukåa. Risiko for at det er for lite vann i vassdraget er regnet på i vårt notat av 02.02.2007, der det er vist at det i omtrent ett av ti år vil vere mindre avrenning enn vannuttak på ettersommeren og høsten, og at det er særlig vinteren at sjansene for bruk av magasin er størst.

Slipp av minstevannføring i tillegg til vann fra det uregulerte restfeltet nedenfor Haukåvatnet, anses å vere tilstrekkelig for fisk og andre ferskvannsorganismer i Haukåa.

Fossekall, elvemusling og ål

Vassdragsutbygging, som medfører redusert vannføring, vil kunne påvirke hekkesituasjonen for fossekall, som er knyttet til rennende vann i dette området. Rapporten "Miljøeffekter av småkraftverk. Erfaringer frå Telemark og Rogaland" (L'Abée-Lund mfl. 2005) sier følgende:

"Informasjonen som kommer frem av fugleregistreringene indikerer at vassføring er en viktig parameter for elvestrekningens betydning som habitat for fossekall og vintererle. Det ble ikke registrert fossekall eller vintererle i bekkene som har en midlere årsvannføring under 0,2 m³/s."

Det er naturlig nok også andre faktorer enn vannføring som virker inn på fossekallen sitt valg av habitat, men denne sammenstillingen gir en klar indikasjon på at det ikke vil medføre noe problem for fossekallene i Haukåa dersom 23 % av vannet fjernes. Samtidig skjer reiretableringen på våren, og fossekallen har en kort og effektiv reirperiode, og på denne tiden av året er det betydelige vårvannføringer i vassdraget.

Det er ikke kjente forekomster av elvemusling i Haukåa, til det har nok vannkvaliteten vært for dårlig. I dag er det kun fire vassdrag i Sogn & Fjordane som har forekomster av elvemusling, og bare i ett av disse rekrutterer bestanden.

Verken Gladsø & Hylland (2003) eller Hellen mfl. (2008) nevner fangst av ål, men oppvandring av ål er sannsynlig. Ålen har vist tilbakegang i hele Europa, og dette skyldes blant annet overfiske, tap av habitat, forurensning og vandringsbarrierer som eksempel blir nedgangsål fanget i turbiner. I Norge er det derfor innført strenge restriksjoner på fiske etter

ål, men samtidig kan nedgangen også skyldes at ålen har problemer med global oppvarming også på gyteområdene i Sargassohavet på andre siden av Atlanterhavet. Ekstrem reduksjon på nesten 99 % i oppvandring av ålelarver i Europeiske vassdrag de siste 30 årene tyder på det. Det blir derfor ikke riktig å fokusere på at ålen er rødlistet som kritisk truet (CR), og det er dessuten usikkert om de to eksisterende oppvandringshindre faktisk hindrer ålen i å komme opp i Haukåvatnet.

Fjerning av oppvandringshinder nede i Haukåa, og slipp av minstevannføring, vil medføre at forekomst av rødlistearter som ål, og vanntilknyttet fugl som fossekall, ikke vil bli berørt av omsøkt tiltak.

Oppsummering

Søker ønsker å flytte sitt vanninntak til Haukåvatnet, og åpne opp for oppvandring av fisk på hele elvens 1200 meters lengde, men ønsker ikke å åpne for oppgang av fisk opp i Haukåvatnet. Fjerning av vandringshinder og slipp av minstevannføring til Haukåa fra Haukåvatnet, vil sammen med det uregulerte restfeltet, bidra til å sikre gode vilkår for og oppvekst av laks, sjøaure, ål og fossekall i hele Haukåa.

Søker påpeker også den samfunnsmessige nytteverdien ved sikring av 8-9 arbeidsplasser lokalt."

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVEs) sine merknader

Om søkjar

Søknaden vart fyrst fremma av Pan Fish Norway AS. Anlegget er seinare overteke av Marine Harvest Norway AS.

Om søknaden

Marine Harvest Norway AS sitt settefiskanlegg Haukå (konsesjonsnummer SFF 008, lokalitetsnummer 13486) ligg ved Haukå i Nordalsfjorden i Flora kommune. Anlegget har hatt konsesjon på 1 million sjødyktig settefisk sidan 17.06.1986, og søknaden gjeld utviding til 2,5 millionar sjødyktig settefisk. Marine Harvest AS har i søknaden skissert eit vassuttak på inntil 40 m³/min i perioden frå juli til september og 20 m³/min resten av året frå Haukåvatnet. Søknaden gjeld og regulering av Haukåvatnet med 1 m mellom kote 58 (HRV) og 57 (LRV).

Vassuttak og hydrologiske verknader

Haukåvassdraget ligg på nordsida av Nordalsfjorden og drenerer sørover til Haukåvatnet. Nedbørfeltet er 21,67 km³ og høgste punkt i feltet er Haukåbøra i nordaust med 1065 moh. Største lengde på vassdraget er 7,4 km. I øvre del er eit felt på 3,9 km² som drenerar til Børevatnet, overført til kraftverka i Svelgen. I utløpet av Haukåvatnet er det etablert ei demning som gjev ei regulering på 1 m. Marine Harvest AS ønskjer framleis å nytte den etablerte reguleringa av vatnet mellom kote 58 (HRV) og kote 57 (LRV).

Vassdraget er eit kystnært vassdrag og det er prega av store variasjonar i vassføring. Tilgjengeleg vassmengd er heller ikkje jamnt fordelt over året. Normalt er det størst vassføring under snøsmeltinga om våren i mai/juni. Midlare tilsig er også stort om hausten i september – oktober, i periodar med store nedbørsmengder. Som vanleg for kystnære vassdrag kan det også om vinteren bli periodar med relativt stort tilsig.

Det er i søknaden skissert eit midlare uttak av ca 20 m³/min gjennom året, med inntil 40 m³/min i perioden juli - september. Som minstevassføring i Haukåa er det i søknaden lagt inn 50 l/s fra 1. oktober til 1. mai og 100 l/s fra 1. mai til 1. oktober.

Vassbudsjett

Haukåvassdraget har ein spesifikk avrenning i nedbørfeltet som varierer mellom over 160 l/km²/s i dei nordre og sentrale delene av vassdraget og under 65 l/km²/s i dei nedre og sørvestligaste delane ut mot utløp til sjøen, med eit gjennomsnitt på 118 l/km²/s. Det gjev ei gjennomsnittleg vassføring ved utløp til sjø på 2,56 m³/s for hele Haukåvassdraget. Restfeltet nedstrøms det planlagte inntaket i Haukåvatnet er berekna til 2,8 km². Spesifikk avrenning i dette lågareliggande og vestlege delfeltet er på omtrent 90 l/km²/s, noko som gir ei samla vassføring på 0,25 m³/s eller 15,1 m³/min. Omtrent halvparten inngår i elva frå nord, der anlegget også har eit inntak.

Fylkesmannen har i si fråsegn drøfta følgjer av tørrlegging og antydgar at det har vore slike episodar med drift av eksisterande anlegg. Fylkesmannen drøftar omsynet til allmenne interesser og verknader for ulike biologiske forhold. Som del av fråsegna blir det frå fylkesmannen konkludert slik:

"Ei vidare drift av anlegget må ha løyve etter vassressurslova og det må setjast klåre vilkår til drift av anlegget, krav til minstevassføring i Haukåa og ei ev. regulering av Haukåvatnet. Vandringshinder ved dam i Haukåvatnet og vassinntak i Haukåa må fjernast eller utbetrast slik at fisk kan passere."

Flora kommune drøftar i si fråsegn dei same utfordringane som Fylkesmannen og konkluderer med fylgjande:

"Ein bør ta utgangspunkt i at det skal sleppast minstevassføring som er stor nok til å sikre dei biologiske kvalitetane i elva, herunder sjøauren. Storleiken på konsesjonen bør såleis reflektere i kva grad søkar kan dokumentere effektiv bruk av resterande tilgjengeleg vatn. Ein bør også vurdere å sette vilkår om å opne heile elvestrekninga for anadrom fisk."

NVE registrerar at både Fylkesmannen og Flora kommune peikar på at det er viktig med vilkår som sikrar at det ikkje oppstår situasjonar med tørrlegging av Haukåelva. NVE må oppfatte slike merknader i retning av at det etablerte anlegget for vassuttak over tid har medført periodar med minimal vassføring på elvstrekkinga mellom Haukåvatnet og sjøen.

Søklar har i sine kommentarar til innkomne fråsegner konkludert med at:

"Søker ønsker å flytte sitt vanninntak til Haukåvatnet, og åpne opp for oppvandring av fisk på hele elvens 1200 meters lengde, men ønsker ikke å åpne for oppgang av fisk opp i Haukåvatnet. Fjerning av vandringshinder og slipp av minstevannføring til Haukåa fra Haukåvatnet, vil sammen med det uregulerte restfeltet, bidra til å sikre gode vilkår for og oppvekst av laks, sjøaure, ål og fossefall i hele Haukåa."

Søker påpeker også den samfunnsmessige nytteverdien ved sikring av 8-9 arbeidsplasser lokalt."

Søklar har gjennom kommentarane som vist til ovafor, skissert ei ev. mogeleg justering av det planlagde vassdragsanlegget. Ved at alt uttak av vatn blir lagt til Haukåvatnet og inntaket i Haukåa blir fjerna, vil vassføringsregimet i Haukå bli betre. Det blir i kommentarane også vist til at fiskeanlegget sitt vassforbruk gjennom året er moderat sett i forhold til gjennomsnittleg tilsig. NVE gjer oppmerksom på at det er forventa stort vassforbruk i periodar med lite tilsig. Dette saman med eit ev.

krav om minstevassføring gjer at eit magasinet i Haukåvatnet vil vere nødvendig for å sikre nok vatn til settefiskanlegget i slike periodar. Dette er også forhold som er drøfta i søkjar sine kommentarar.

Fisk og ferskvassbiologi

Haukåa er registrert som sjøaureelv i lakseregisteret og det er vist til at det i tidlgare tider er registrert både laks og sjøaure i Haukåvatnet. Samla elvelengde frå sjøen og opp til Haukåvatnet er ca. 1200 meter, men sperra/inntaksdam men som er etablert på elvestrekkja har redusert anadrom elvelengde i Haukåa til ca. ein tredel. Utan stengsla ved elveinntaket og oppgangshinder i utløpet av Haukåvatnet blir det samla produksjonsarealet for anadrom fisk langt større enn det som er tilfelle i dag. Det går fram av informasjon i søknaden at det truleg var ein relativt stor produksjon av auresmolt (sjøaure) i Haukåvatnet med tilløpsbekkane før 1975.

Både Fylkesmannen og kommunen har tilrådd vilkår som opnar for at anadrom fisk kan få tilgang til det som naturleg har vore anadrom strekning i vassdraget.

Søkjar har i sine kommentarar justert prosjektplanen slik at oppgangshinderet i Haukåa kan bli fjerna, men ønskjer at det framleis skal vere stengt for oppgang forbi dammen i Haukåvatnet.

NVE ser av informasjon i sakstilfanget at den eksisterande dammen i utløpet av Haukåvatnet allereie i 1974 var rekna som vandringshinder for laks og sjøaure. Det er også informert om at det i eldre tider var ein reguleringsdam i utløpet av vatnet, men om den var bygd slik at den representerte eit hinder for oppvandrande fisk er uklart. Det som likevel synest å vere faktum, med grunnlag i informasjon som ligg føre i saka, er at anadrom fisk i kortare eller lengre periodar har kunne vandre opp forbi demninga i Haukåvatnet. Det har skjedd innafør eit tidsrom då det etter vassdragslovgjevinga var instituert eit konsesjonsregime med krav om løyve for å stenge vassdrag for oppvandring av anadrom fisk, jf. *Lov om vassdragene av 15. mars 1940 §§ 8 og 104*.

Det etablerte anlegget for vassuttak har over tid ført til periodar med minimal vassføring på elvstrekkja mellom Haukåvatnet og sjøen. I Haukåvatnet er det registrert ein god bestand av aure. Om reguleringa av vatnet har ført til verknader for den stasjonære aurestamma er ikkje dokumentert. Viktigaste gytebekk for denne bestanden er truleg innløpsbekken i nord.

Tidlegare krav om vassskjelde utan oppgang av anadrom laksefisk, har ført til at det i mange vassdrag er bygd fiskesperrar. Det har ført til reduksjon av laks- og sjøaureførande vassdragsstrekningar med den konsekvens at stadeigne bestandar av laks og sjøaure har blitt redusert eller i verste fall har døydd ut. I dag er kravet til sikker vassskjelde spesifisert i forskrift om drift av akvakulturanlegg. Både Mattilsynet og Fiskeridirektoratet tillet no at settefiskanlegg kan ha vassskjelde med oppgang av anadrom laksefisk, under føresetnad av at inntaksvatnet vert desinfisert. Gjeldande akvakulturforskrift er slik sett i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar. Vidare ligg det føringar i naturmangfaldlova § 5 om bevaringsmål for arter som seier at arter og deira økologiske funksjonsområde skal forvaltast slik at artane førekjem i levedyktige bestandar i sitt naturlege utbreiingsområde.

NVE orienterte med brev datert 16.12.2008 alle registrerte settefiskanlegg om ”*Endring i forvaltningspraksis av settefiskanlegg*”. I brevet blei fiskesperrar omtalt slik:

”I mange vassdrag er det av smittehygienske årsaker etablert en fiskesperre for å hindre oppgang av anadrom laksefisk i vannkilden til settefiskanlegg. I noen tilfeller er det gitt tillatelse til etablering av fiskesperre enten etter vassdragslovgivningen eller etter lakse- og innlandsfiskloven. Tillatelsene er ofte gitt for en begrenset periode, og er ulovlige etter dette

tidspunkt. Nye metoder for rensing av vann tilsier at fiskesperre er uønsket i de aller fleste tilfeller."

NVE har ikkje informasjon om at det etter vassdragslovgevinga er gitt løyve til å etablere fiskesperrer i Haukåvassdraget. Informasjon om anadrom fisk i Haukåvatnet i 1970-åra viser at vassdraget blei stengd for anadrom fisk etter den tid. Før 1. januar 2001 måtte slike tiltak ha særskilt løyve etter *Lov om vassdragene* av 15. mars 1940 og tilsvarende etter 1. januar 2001 løyve etter *Lov om vassdrag og grunnvann*.

NVE mottok ein merknad frå ein grunneigar til vassdraget med oppmoding om at konsesjonssøknaden ikkje vart sluttbehandla før ei pågåande jordskiftesak var ferdig. NVE har motteke telefonisk melding frå grunneigaren om at merknaden ikkje lenger er aktuell.

Verknader av tiltaket:

Fordelar

- Prosjektet vil gje grunnlag for auka produksjon av settefisk og sikre lokal aktivitet og verdiskaping.
- I ein konsesjon er det høve til å fastsette minstevassføring i Haukåelva og andre vilkår for å betre miljøtilstanden i vassdraget.

Ulemper

- Ei utviding av produksjonen vil føre til sterkare utnytting av vassressursen i vassdraget samt noko hyppigare pendling av vasstanden i Haukåvatnet. Det kan gje utfordringar for drifta av settefiskanlegget å legge ein driftsstrategi som sikrar ei drift innafor eit vasshaldsbudsjett som til ei kvar tid, gjennom heile året, sikrar at vilkår om minstevassføring blir etterlevd. Det same vil gjelde for fastsette reguleringsgrenser for magasinet i Haukåvatnet.

NVE si vurdering

Det er lagt fram dokumentasjon på at det både i nyare og eldre tider har vore aktiv utnytting av Haukåvassdraget til ulike føremål.

Det er no planlagt å auke produksjonen i det etablerte settefiskanlegget og det vil såleis bli aktuelt å nytte ein større del av den samla vassressursen i vassdraget. Spesielt vil dette kunne gje utslag for restvassføringa i periodar med tilsig på nivå med midlare og låge vassføringar i vassdraget.

Fylkesmannen har stilt spørsmål ved det hydrologiske datagrunnlaget som er lagt fram. NVE si vurdering er at den samla vassressursen er relativt god. Med det etablerte hovudinntaket med magasin i Haukåvatnet og eit elveinntak lenger nede i Haukåelva, er vassressursen betydeleg. Ved fjerning av vassuttak i Haukåelva jf. kommentar fra Marine Harvest, vil restfeltet nedanfor betre forhalda for anadrom fisk og andre vasslavande organismar. Det vil likevel vere slik at disponeringa av vatnet gjennom eit planlagt forsvarleg driftsopplegg blir viktig. Det må i driftsplanen ligge inne handlingsplan for tiltak tidleg i situasjonar som kan føre til knappheit på vatn. Ein slik handlingsplan med oppfølgande internkontroll vil til ei kvar tid vil vere konsejonæren sitt ansvar.

Det etablerte vassuttaket har vore drifta som eit konsesjonsfritt anlegg og det har såleis ikkje hatt noko særskilt løyve etter vassdragslovgevinga for uttak av vatn. Anlegget har såleis heller ikkje hatt vilkår

om å sleppe minstevassføring forbi vassinntaka. Slik NVE vurderer informasjonen som ligg føre, kan det vere noko uklart om uttaket av vatn i periodar har vore slik at heile tilsiget har blitt nytta. Vassføringa kan som fylgje av dette vore ned mot grensa for tørrlegging av elva nedafor Haukåvatnet.

I ei samla vurdering ser NVE at settefiskanlegget vil nytte ein relativt liten del av vassressursen i vassdraget. Planlagt maksimalt vassuttak vil komme opp i ca 30 % av midlare vassføring gjennom året. Vassforbruket, slik det er skissert i søknaden og i høve til naturleg vassføringsregime i elva, vil likevel bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget oftast går ned mot lågvassføring. Etablert magasin i Haukåvatnet vil vere avgjerande viktig for å sikre nok vatn i slike periodar.

Informasjon til søknaden viser at Haukåvassdraget har hatt naturlege bestandar av anadrom fisk og at det framleis har status som sjøarevassdrag. Det er likevel NVE si vurdering at damanlegget i utlauget av Haukåvatnet, og sperra ved inntaket i elva nedafor vatnet, har gjeve sterk avgrensing i levetilhøva for anadrom fisk. I tillegg kan ustabil lågvassføring på elverstrekkja gjev negative verknader.

Tiltak som hindrar oppgang av anadrom laksefisk i et vassdrag får ofte negative verknader for fiskebestandane både i vassdrag og sjø og for utnyttinga av dei.

På generelt grunnlag er det NVE si oppfatning at etablerte fiskesperrar skal fjernast når det ikkje lenger er formelle krav som er til hinder for at settefiskanlegg kan hente vatn frå vassdragsavsnitt der det naturleg kan gå opp anadrom fisk. NVE er her kjent med at Mattilsynet, jf. brev datert 16.12.2008 som vist til ovafor, i dag tillet inntak av vatn frå kjelde med oppgang av anadrom laksefisk dersom inntaksvatnet vert desinfisert.

Det er såleis for fleire vassdrag sett krav om fjerning av fiskesperrar og opning for oppgang av anadrom fisk når tidsavgrensa løyve for slike tiltak går ut. Ein slik praksis vil sjølv sagt også gjelde for sperrar som er etablert utan særskilt løyve. NVE kan ikkje sjå at det er grunn til å fråvike ein slik generell praksis i denne saka og meiner at det ikkje er grunnlag for å gje særskilt løyve til at vassdraget skal vere stengt for oppgang av fisk til heile strekkja der det naturleg kan gå opp anadrom fisk.

Demninga i Haukåvatnet er slik den er utforma no ei sperre for oppgang av anadrom fisk. NVE finn det rimeleg godt dokumentert at demninga i Haukåvatnet med eksisterande regulering av vatnet på 1 m kan definerast som eit lovleg vassdragsanlegg. Det er her vidare NVE si vurdering at sjølv om demninga er eit lovleg vassdragsanlegg så skal det i seg sjølv ikkje vere til hinder for at det kan etablerast tiltak som sikrar at anadrom fisk kan gå opp i Haukåvatnet. Vilkår i ein konsesjon for vassuttak og regulering gjer heimel for at slike tiltak kan gjennomførast.

NVE tilrår at vassuttaket skal ligge i Haukåvatnet og at etablert regulering på 1 m mellom LRV på kote 57 og HRV på kote 58 kan nyttast vidare.

NVE vurderer saka slik at Fylkesmannen med heimel i vilkåra om naturforvaltning kan pålegge konsesjonæren tiltak for å styrke fiskestammene i vassdraget, herunder også tiltak for at anadrom fisk lettare kan passere opp forbi dammen i Haukåvatnet.

NVEs vurdering av tiltaket i høve til aktuelle §§ i naturmangfaldlova

§ 5 Forvaltningsmål for artar

Forvaltningsmålet for artar tilseier at det er eit mål at artane og deira genetiske mangfold blir ivareteke på lang sikt, og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlige utbreiingsområde.

Det er her NVE si vurdering at ein konsesjon der det kan settast krav om slepp av minstevassføring gjennom heile året til Haukåelva og tiltak for å opne vassdraget for oppgang av anadrom fisk til eit området som har vore stengt er viktig. Eit slikt tiltak vil opne for at bestandar av anadrom fisk får tilgang til det som tidlegare har vore det naturlege leveområdet i vassdraget og dermed vere eit poistivt bidrag til forvaltningsmålet.

§ 8 - Kunnskapsgrunnlaget

Naturmangfaldlova § 8 er ei konkretisering av, og et supplement til, alminnelege krav etter forvaltningslova om at ei sak skal vere så godt opplyst som mogeleg før vedtak blir gjort.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget og dei registreringane av naturmangfald som er utført og omtala i søknaden, er det NVE si oppfatning, at desse er tilstrekkelige for flora og fauna. NVE meiner at kunnskapsgrunnlaget i denne saka er tilstrekkeleg og at kravet etter naturmangfaldlova § 8 er ivareteke.

§ 9 Føre-var - prinsippet

Kravet etter § 9 skal vurderast i samanheng med vurdering av kunnskapsgrunnlaget, som er omtalt ovafor. Regelen er meint å ha gjennomslag i tilfelle det blir vurdert at det er ein reell risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. NVE kan ikke sjå at det ligg slike føresetnader i denne saka.

§ 10 Økosystemforvaltning og samla påverknad

§ 10 fastset prinsippet om økosystemtilnærming og samla påverknad. Dette føreset kunnskap også om andre tiltak og verknader på økosystemet slik at det kan vere mogeleg å identifisere samla påverknad, jf. også formuleringa i § 8 om "effekten av påvirkninger". I vurderinga av samla påverknad skal det både takast omsyn til allereie eksisterande inngrep og forventa framtidige inngrep.

På bakgrunn av dei drøftingar som er gjort ovafor, meiner NVE at det omsøkte tiltaket ikke vil føre til vesentlege endringar av økosystemet på det aktuelle vassdragsavsnittet i negativ lei.

Oppsummering

NVE legg i si vurdering vekt på at tiltaket vil kunne bidra til å betre grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Den planlagt auka i vassuttaket og utvida konsesjon til settefiskeanlegget vil nytte ein større del av den samla vassressursen. I periodar med lite tilsig nyttar anlegget ein vesentleg del av tilsiget. Magasinet i Haukåvatnet vil vere avgjerande for å sikre vatn både til planlagt produksjon og vilkårsfesta krav om å sikre ei tilstrekkeleg minstevassføring gjennom heile året.

NVE meiner at selskapet gjev positive signaler utad når dei planlegger fjerning av fiskesperrea i Haukåvassdraget samt flytte inntaka opp i Haukåvatnet som del av konsesjonssøknaden. NVE finn heller ikkje at det er avgjerande grunnar for å halde fram med dei etablerte fiskesperrene og det bør såleis ikkje bli gjeve løyve til vidare stenging i Haukåvassdraget for oppgang av anadrom fisk.

NVE sin konklusjon

Etter ei samla vurdering av planane for settefiskanlegget og dei fråsegner som ligg føre, meiner NVE at fordelane med auka vassuttak og vidareføring av etablert regulering av Haukåvatnet med 1 meter er større enn skade og ulempe for allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Marine Harvest AS avd. Haukå får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn frå Haukåvassdraget til drift av selskapet sitt settefiskanlegg i Haukå. Det blir også gjeve løyve til å vidareføre etablert regulering av Haukåvatnet med 1 meter. Det blir ikkje gjeve løyve til å halde vassdraget stengt for oppgang av anadrom fisk.

Løyvet vært gjeve på dei vilkåra som er lagt ved.

Vassuttaket skal sikre grunnlaget for utviding og vidare drift av settefiskanlegget på lokalitet i Haukå (SF-F-8) i Flora kommune.

Merknader til konsesjonsvilkåra

Post 1. Reguleringsgrenser, minstevassføring og vassuttak

Det vert gjeve løyve til regulering av Haukåvatnet med inntil 1 meter mellom LRV på kote 57 og HRV på kote 58. Dette svarar til eit vassmagasin på ca. 67.000 m³. Dette er i samsvar med den regulering som er i dag.

Det skal settast opp merke ved utløpet av Haukåvatnet som viser høgaste og lågaste regulererte vasstand samt eit informasjonsskilt som informerar om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforming av skilt og merking inngår som del av NVEs oppfølging etter post 4.

Minstevassføring

Fylgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for NVEs vurdering av minstevassføring:

Medelvassføring: 153 m³/min

Omsøkt maksimalt vassuttak: 40m³/min og inntil 20 m³/min gjennomsnittleg uttak over året.:

I store delar av året vil det vere god restvassføring til elvestrekkja nedanfor Haukåvatnet.

Magasinering av vatn i magasinet vil ved oppfylling halde attende vatn og dermed saman med eit kontinuerleg uttak til settefiskanlegget påverke vassføringa.

For å sikre at elva nedafor Haukåvatnet ikkje blir tørrlagt skal det sleppast ei minstevassføring forbi demninga på 50 l/s (3 m³/min) frå 1. oktober til 30. april og 100 l/s (6 m³/min) frå 1. mai til 30. september.

Ved fastsetting av minstevassføring er det lagt vekt på at vassuttak til settefiskanlegget i større delar av året vil gje ei god restvassføring i hovudelva. Restvassføringa vil i lange periodar i vesentleg grad overstige det nivå som kravet til minstevassføring vil utgjere. Periodane med vassføring avgrensa til minstevassføringskravet vil bli relativt korte og ikkje gje vesentlege avvik i høve til det som har vore naturleg lågvassføring i elva.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, og magasinet er på lågaste tillete vasstand, skal heile tilsiget sleppast forbi. Settefiskanlegget skal i slike situasjonar ikkje ta ut vatn frå vassdraget.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Aktuelle data skal leggjast fram for NVE ved førespurnad. Den tekniske løysinga for å dokumentere slepp av minstevassføring skal vere ein del av godkjenninga av detaljplanen for anlegget.

Dersom det etter post 5 vert etablert fisketrapp eller liknande for oppgang av anadrom fisk forbi demninga kan heile eller delar av minstevassføringa nyttast i trappa.

Vassuttak:

Vassuttaket skal, i samsvar med søknad, vere avgrensa til maksimalt 40 m³/min og skal ikke overstige 20 m³/min gjennomsnittleg vassuttak over året. Anlegget skal etablerast med tiltak for å spare vatn slik det går fram av søknaden. Vassmålar skal innstallerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg.

Post 2. Byggjefristar m.v.

Plan for tiltaket må vere godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet vere sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo. Frist for å fjerne fiskeperra i Haukåa er 1. januar 2013.

Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve m.v.

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev. vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar m.v. vil liggje under denne posten. Slike detaljplanar for vassdragsanlegget frå inntaket i Haukåvatnet og fram til fordelingsarrangement i sjølve settefiskanlegget, skal også omfatte det eksisterande anlegget.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

Post 5. Naturforvaltning

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må vere relatert til skader tiltaket fører med seg og stå i eit rimeleg forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konsesjonæren pliktar etter nærare pålegg av Fylkesmannen å sørge for at tilhøva i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammane i størst mogleg grad opprettheld naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om å kompensere for skade på den naturlege rekrutteringa av fiskestammane ved tiltak.

Fylkesmannen kan med heimel etter dette vilkåret gje pålegg om etablering av fisketrapp eller liknande i/forbi demninga i Haukåvatnet for at anadrom fisk kan passere.

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar eller gjere andre biotopjusterande tiltak som utdjupeing av kulpar i elvelaupet m.v. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt. Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyning, eller aukar faren

for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konsesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.

Andre merknadar

NVE vil syne til at det er søkjar sitt ansvar å syte for at fiskemengda i anlegget er tilpassa den vassmengda som nedbørfeltet gjev med tanke på tørrår. NVE vil derfor presisere at det er forventat at selskapet held seg til faste reguleringsgrenser i Haukåvatnet. Vassparande tiltak er i så måte viktig, jf. kravet i post 1.

Forholdet til EUs vanndirektiv i sektormyndighetens konsesjonsbehandling

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 tatt ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) om miljømål i vassdrag.

Gjennom vilkår i ein konsesjon som blant anna inneheld krav om minstevassføring meiner NVE at tilstanden i vassdraget vil kunne bli noko forbetra samanlikna med dagens forhold. Dette er i samsvar med intensjonen i vassforskrifta.